



Vegen ned til og forbi Beinavikjo Brygge frå aust kan ikkje stengjast, men den kan skiltast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen ved saksbehandlar Ivar Kåre Døssland har no svara på brevet frå Uskedalen Brygge ved Marit Langballe om eventuell stenging av den bratte grusvegen ned til Beinavikjo med bakgrunn i den uoversiktlege trafikksituasjonen som har oppstått etter utbygginga av bustadkomplekset.**

**Døssland skriv at vegsystemet ikkje kan stengjast fysisk for gjennomkøyring av omsyn til private eigedomar som har tilkomstveg via den kommunale vegen.**

Men kommunen vil saman med Statens vegvesen synfara staden og koma med forslag til korleis ein kan skilte den private vegen for å unngå ein del av gjennomgangstrafikken. Ei eventuell skilting må utførast i samråd med eigarar og rettshavarar til den private vegen.

Døssland meiner det ville vera naturleg at utbyggjaren av Uskedal Brygge (eller Beinavikjo Brygge som han no har døypt om komplekset til) ber kostnad med eventuell skilting.

Det er under utarbeiding ein privat reguleringsplan for området. Korvidt det i den vert lagt opp til å løysa dei trafikale problema kjenner ikkje kommunen til.

Av Ola Matti Mathisen